

Bolung - Bulung (gnr. 29)

Bolung: Gardnamn som høgst truleg kjem av bolungr, lunne av stokkar, og som tydeleg fortel at tømmerrenna ved garden kan vera heilt frå alders tid. Skrivemåten av namnet har vore ustø og skiftande.

I skrivne kjelder vil ein finne garden omhandla i eit diplom av år 1383, og gardnamnet er da i ei bøyingsform skrive ”i Bulunghum”. Ein merker seg elles at garden alt da var delt, og at handelen i 1383 gjaldt ”sydra garden i Bulunghum”.

Frå kring 1450 er ”Bulunghe”nemnt i Aslak Bolts jordebok saman med fleire andre Vingrumsgardar som da låg til erkebispetet i Nidaros. Her i jordeboka av 1450 er det elles fortalt at bisp Eskil og hadde fått lagt engelandet Skagastad til Bulung.

Ved reformasjonen i 1536 kom så bispegodset under Kongen, og vart snart etter administrert saman med Akershus len. I Akershus lensrekneskap frå den tid kan ein difor finne både mangt og mye om mange av Fåberg-gardane.

Her tek vi elles først med at når det gjeld Bulung, er garden og nemnt i 1528, og brukaren der ”Asmund Bolang” svara da sin part av ekstraskatten Gjengjerden med 1 lod sølv, som var den vanlege utlikning for større gardar.

I Akershus lensrekneskap for 1557-58 er gardnamnet skrive ”Bolunge”, og garden svara da landskyld med 1 hud 3 bismarpund fisk, så det var kjent til topps at Bulung alt da hadde eit årvisst og godt fiske. Tre år seinare er det i 1560-61 fortalt at ein brukar på garden ved namn Gullik Bullung vart dømt til å betale ei bot til Gudbrandsdal provsti med 1 ku ”for han dulde 3 kalvskind aff Rønno Kircke att giffue skatt aff”. I skattelista for bygningskatten 1594 er derimot gardnamnet skrive ”Bolling”, og garden er ført i gruppa med dei 28 største gardane i bygda. I lista over tiendekorn for 1604 er derimot namnet skrive ”Bullung”, og garden svara da 2½ tønne som t.d. Nordhove, Dal og Tråset.

Frå Bolung i Rasmus Bolung si tid er det elles vidare fortalt at han i 1611 var ”Leylending”, og at han i 1612-13 og fekk 1. bygsel på ”9 skind krongods i en ødegaard Wingnes som ligger udi floomaall”. Året etter går det elles fram at same Rasmus Bolung i den tid og hadde bygsla over 2 huder krongods i Bolung og ”½ hud i ødegrd. Rafneberg som bruges derunder”. At same Rasmus Bolung var ein vørd mann i bygda, går tydeleg fram av at han i 1615 vart vald som lagrettesmann i saka etter Anders Svenske ”som slo i hjel Peder Gustum og var undveget og rømt”.

Skrivemåten ”Bollung” er brukt i 1623-24. Det er da fortalt at Hans Rasmussen fekk 1. bygsel på 2 ødegarder ”Vingenes og Raffneberig som før har været brukt under Bollung, og som hans mor avstod for ham”. Med det same svara den nye bygslaren 13 rd. i bygselspengar. Derimot var mora Sønnøv Bollung framleis bygslar og brukar av hovedbruket Bolung og dessutan 3 skinn kyrkjegods til i 1631-32, da sonen Peder Rasmussen ”leigde Bollung, som mor hans avstod”, og som framleis hadde ei landskyld på 1 hud ½ pd. fisk krongods og 3 skinn kyrkjegods.

Frå ein halv mannsalder seinare er manntalet for ”Kopskatten Anno 1645”. Der er det så vidare oppgitt at Peder Rasmussen, også da var bygslar og brukar på Bollung, og at han

betalde den utskrivne skatten for 1 mannfolk og 1 kvinnfolk med tilsaman 1 mark 8 skl. i pengar. Dette var i dei lange krigane på 1600-talet, og i 1657 kom det ein annan ekstra krigsskatt: Kvegskatten 1657, som vart kalla slik fordi den vart utrekna etter krøtertalet på gardane. Her er det så i skattelista for 1657 vidare oppgitt at "Peder BolsEng" framleis var bygslar og brukar på "BolsEng", og at buskapen hans der i den tid var: 1 hoppe, 16 naut, 6 geiter, 16 sauer og 3 griser. Den her framande skrivemåten "BolsEng" med variasjonar vann så etter kvart hevd og vart ei vanleg brukt form. Etter atter 7-8 år var det i 1665 også andre store forandringar på garden: Bolung var da lagt under kaptein Reichwein, og Christopher Pedersen, som da var 30 år, hadde tatt over som bygslar og brukar av garden.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Boeleng" så vidare fortalt at det da var matrikulert 2 bruk av dette namnet. Dei to bruk var: a. Boeleng av skyld 1 hud 1½ pd. fisk, som framleis var "Kongens Aleene", og som Christopher framleis var bygslar og brukar av. Buskapen av store husdyr på garden var da 3 hestar og 20 naut, og korntianda vart uttreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Vidare er det om garden og gardsbruket fortalt at enga, innmarka var "temmelig goed", at det var skog nok til gjerdefang og brenneved, og at garden alt da hadde seter og sommarbeite for krøtera på "Loerthoell Setter". Dessutan var det til garden og "En Engeplads under "Boelung" av skyld 3 skinn, som var kyrkjegods, men som Christopher og var bygslar og brukar av.

I "Rulle over Gudbrandsdalen fogderis soldatlegder 1693, Faaberg Sogn" er det elles opplyst at "Boleng" hørde med i 4. legd saman med Boro, Mellum i Vingrum og Bratberg, og at dei rulleførde soldater frå Boleng da var: Peder Christophersen, bundens søn, 19 år, og Amund Knudsen, tjenestedreng, 15 år.

Tre år seinare var det i 1696 ting på "Bolling i Faaberg", som gardnamnet der er skrive. Ei av sakene ved tinget gjaldt skjøte på garden til Nils Christophersen. Men tre år seinare fekk i 1708 Peder Christophersen, som vi kjenner litt til fra før, "skadesløsbrev fra hr. major Reichwein på odels- og åsetesretten til grd. Buleng. Saka var elles atter fore ved tinget på Tollersrud i 1721, og det er da fortalt at Peder Christophersen hadde betalt 150 rd. for odelsretten til Bulung. Ein merker seg elles at alt i 1705 hadde dessutan Peder Christophersen fått bygselseddel på "Bøllaug i Faaberg, Lillehammer annekskirke tilhørende, utgitt af stiftsskriver sr. Rasmus Broholm". Bygsla gjaldt sikkert den same "Engepladtz under Boeleng" av skyld 3 skinn som faren Christopher hadde bygsla på i 1668.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Boeleng" fortalt at Peder Christophersen framleis var oppsittar på garden. Elles er det vidare oppgitt at Bullung ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er "temmelig god og frugtbar". Buskapen på Bulung var da 4 hester, 20 naut, 20 sauer og 12 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 7 tønner bygg og 1 skjepp rug. Den samla landskyld av garden utgjorde enda 1 hud, 3 skinn, 1½ pd. fisk, men matrikkelkommisjonen gjorde framlegg om at landskylda burde høgkast med 9 skinn.

Her tek vi elles med ei sak av 17. febr. 1731 som vedkjem mange gardar i Faaberg, og som etter utskrift av tingboka skal vera bokført slik:

"Faaberg 17. febr. 1731

Odels- og pengemangelslysning fra madame Knoph på hennes bror generalmajor Lorentz Reichweins vegne, til det gods i Gudbrandsdalen som har tilhørt deres far, deriblant i Faaberg:

Boleng, Rafnum, Vingnes, Bierche, Suttestad, Kollberg, Studtshoved, Uland, Torgersrud, Mellum, Sundpladsen, Skieggestad, Diserud, tre Jørstadgårder, Smestad, Lillehammer, Sulstad, Kindshaugen, Øyjordet, Høstmælingen, Lien, Michelsvarpet m.v.
Dat. Bollerud, 3. febr. 1731.”

År 1736 var husbonden Peder Christophersen død og det var arveskifte på ”Boleng i Faaberg.” Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet med jordegodset medrekna brutto 2034 rd. og netto 1968 rd., så det var framleis stor velstand på Bulung. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sønnøv Amundsdr. f. Onsum dei 5 borna i ekteskapet, nemleg:

a. Christopher f. 1718, b. Anne f. 1707, gift 1762 med Iver Ø. Traaset, c. Beret f. 1713, gift 1738 med Erich Pedersen Hov, d. Eli f. 1723, gift 1739 med Torger Iversen Ersgaard, e. Randi f. 1724, gift 1742 med Elling Seielstad.

Sonen Christopher Pedersen som dermed tok over som husbond på Bulung, gifta seg i 1744 med Marit Henningsdr. Skog f. 1726, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Det var:

a. Per f. 1726, død same året, b. Peder f. 1747, gift 1773 med Marit Jonsdr. Engeland, c. Sønnøv f. 1750, gift 1767 med Ole Boro, d. Kjersti f. 1753, gift 1774 med Ole Halvorsen Hauger, e. Henning f. 1756, død 1770, f. Sessel, f. 1761, gift 1784 med Simen Kr. Fliflet, g. Amund f. 1765.

I Christopher Pedersen si brukartid kjøpte han elles ved auksjonsskjøte den engeplassen Bulung av skyld 3 skinn, som vi alt kjenner litt til fra før. Fleire opplysningar går fram av skjøtet dat. 14. april 1745, og som etter utskrift av panteprotokollen har denne ordlyden:

”Boleng Engeland.

Auksjonsskjøte dat. 14 april 1745 tgl. 16. juni s.å. Hvorved Boleng Engeland skyldende 3 skind med bøxel beliggende i Faaberg prestegjeld, tilhørende kirken, selges til leilendingen Christopher Pedersen Boleng for sum 60 rd. Av disse er betalt kontant 20 rd. og for de øvrige 40 rd. har kjøperen utgitt sin obl. av D.D. hvorved kirken og dens eiere er med 1. pr.s ret stillet til underpant det herved solgte engeland.”

Pantebrevet som det her er vist til, er vidare etter utskrift sålydande:

”Boleng.

Pantebrev dat. 14. april 1745, tgl. 16. juni s.å.

Christopher Pedersen Boleng av Fåbergs prestegjeld er til Fåbergs hoved- og Lillehammer annekskirker deres eiere som er den menige almue i Fåberg skyldig 40 rd. med årlig, lovlig rente 5% for hvilke han med 1.ste pr. pantsetter sin ved skjøte av dags dato hjemlede engeplads Boleng, der skylder 3 skind med bøxel.”

Husmannsplassen Geitsvea ved Bulung er omhandla i ein bygselseddel av 1751, som etter utskrift er referert slik:

”Giedsveen:

Bøxseddell dat. og tinglest 4. oktober 1751. Fra Christopher Pedersen Boleng av Fåberg prestegjeld til Baard Baardsen på en under hans gård Boleng til underliggende husmandsplads Giedsveen kaldet beliggende oven gården mot årlig husleie.”

Om folka her på Geitsveen i den tid veit vi elles at Bård Bårdsen da var enkemann, at han hadde vore gift med Marit Andersdr., og at dei hadde ein son, Nils Bårdsen, som da var 18 år.

Husbonden Christopher Pedersen brukte Bulung til han døde i 1781, da enka Marit Henningsen inntil videre tok over. Men i 1786 skjøta så mora og husfrua Marit Boleng atter garden over til sonen Amund Christophersen f. 1765 på garden Boleng av skyld 1 hud 3 skinn 1½ bpd. fisk for kjøpesum 1499 rd. + eit føderåd taksert til 80 rd. årleg. Frå denne tid er elles den merkelege sak at det på forespurnad av fogden vart opplyst at på grannegardane Bolleng og Øre hadde brukarane da same både fornamn og farsnamn: Amund Christophersen.

Om sterke og livskraftige enka husfru Marit Henningsdr. f. Skog 1726 er elles å fortelja at ho i 1790 gifta seg oppatt til sitt 2. ekteskap, nemleg med enkemannen Ellef Asbjørnsen Skaarset, men dei to aldruge ektefolka fekk visstnok ingen born. Same året som den aldruge husfrua Marit Henningsdr. i 1790 gifta seg oppatt, hadde ho elles ordna det slik at det den 27. sept. var arveskifte etter henne på "Bolleng i Faaberg". Serleg å legge merke til ved dette skiftet er vidare at "Formuen", som her truleg er det same som arvebuet netto, utgjorde 8060 rdl.

Sonen Amund Christophersen, som i 1786 tok over som eigar og brukar av ættegarden, gifta seg i 1787 med Eli Kristensdr. Fliflet f. 1766, og dei fekk 3 born, nemleg sønene:

a. Christopher f. 1788, gift 1815 med enka Eline Olsdr. Traaset, b. Christian f. 1801, gift 1834 med Marte Jørgensdr. Sorgendal, c. Andreas f. 1809, gift 1846 med Sessel Christophersdr. Fliflet.

Av år 1794-95 er dømme på ei sak mellom stefar og steson. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

"Bulung i Fåberg.
9. okt. 1794.

Amund Christophersen, eier av grd. Boleng har innstevnt Ellef Asbjørnsen Schaarset fordi han har solgt et lagesildfiskeri tilhørende citanten, hvorfor han under 18. juni 1792 har gitt skjøte og hevet kjøpesummen 399 rd.

Efter begjæring fra innstevntes sakfører, utsettes saken til neste ting.

17. febr. 1795.

Efter innstevntes begjæring utsattes saken til neste ting.

19. juni 1795.

Med begge parters samtykke opptas saken til domsavsigelse på høsttinget.

7. desb. 1795.

Amund Christophersen Boleng kontra Ellef Schaarset.

Prok Wiborg møtte og sa at det spørges at parterne har forenet sig i denne sak og han fandt sig derfor beføiet til å begjære utsættelse til vårtinget.

18. febr. 1796.

Dom i dompr. 2 fol.105 a:

Kontracitanten Ellef Asbjørnsen Schaarset bør til sin stedsøn Amund Christophersen Boleng betale den påstevnte kjøpesum for 1/6 part i fiskeriet Brøttet, tilhørende citantens gård

Boleng, med 399 rd. med renter fra påstevningen til betaling sker. Prosessens omk. oppheves.”

Ein merkar seg at 1/6 av Brøttet framleis vart rekna for å vera eit verdfullt fiskeri.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Boleng. Dei 4 familiare var:

1. familie:
 1. Amund Christophersen, husbonden, 35 år,
 2. Eli Christensdtr., kona hans, 34 år
 3. Christopher Amundsen, son deira, 10 år
 4. Syver Pedersen, tenestkar, 23 år
 5. Peder Larsen, tenestkar, 17 år
 6. Anne Jacobsdtr., tenestkvinne, 34 år
 7. Berit Halvorsdtr., 20 år
 8. Sidsill Iversdtr., tenestkvinne, 15 år
2. familie:
 1. Lars Baardsen, husmann med jord, 50 år
 2. Goroe Nielsdtr., kona hans, 45 år
 3. Anne Larsdtr., dotter deira, 21 år
 4. Berit, dotter deira, 13 år
 5. Nils Larsen, son deira, 9 år
3. familie:
 1. Niels Svendsen, ”National Soldat”, husmann med jord, 31 år
 2. Gunnild Pedersdtr., kona hans, 40 år
 3. Anne Svendsdtr., søster til mannen, ”Gaaer i Dagleie”
4. familie:
 1. Jon Olsen, husmann med jord, 26 år
 2. Sønnøv Olsdtr., kona hans, 33 år
 3. Goro Jonsdtr., dotter deira, 4 år
 4. Marit Nielsdtr., ”Inderste gaaer i Dagleie”

Frå åtte år seinare er ei tinglyst delekontrakt mellom gardane ”Vingnes, Øhre, Wottestad, Bolleng, Bratberg, Mælum og Furu vedr. skoghugst i sameiemark, og hvorved enhver gårds strekning blev bestemt”.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Boleng” fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 24 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 95 tønner.

Husbonden Amund Christophersen f. 1765 brukte Boleng til i 1823, da han skjøta garden over til sonen og odelsarvingen Christoffer Amundsen f. 1788, som samtidig gav føderådsbrev til foreldra. Den nye eigaren og brukaren av Boleng, Christoffer Amundsen, gifta seg i 1815 med enka Eline Olsdtr. Traaset, men dei fekk visstnok ingen born, og i 1831 skjøta så Christoffer Amundsen garden over til broren Christian Amundsen f. 1801.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn og fisk og smør skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 54 ”Buleng (Bulung)”, som ein da atter finn gardnamnet skrive, fekk da som si nye matrikkelskyld: 13 skylddalar 0 ort 11 skilling, og det var da framleis Christian Amundsen som var eigar og brukar av Bulung.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om "Boleng" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 414 mål, og dette var 173 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at buskapen på sjølve "Bolleng" gard var: 5 hestar, 26 naut og 18 sauer, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 10 naut og 19 sauer. Først på same måten var utsæden i den tid på sjølve Bulung gard: 13 tønner korn og 10 tønner settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane tilsm. ca 4½ tønner korn og 9 tønner settepoteter.

Tre år seinare gav i 1868 Christian Amundsen skjøte til broren Andreas Amundsen for kjøpesum 1600 spd. + eit føderåd til broren Christian Amundsen, eit føderåd som var verdsett til 400 spd.

Den nye eigaren og brukaren av Bulung, Andreas Amundsen f. 1809, var som før nemnt, gift med Sessel Kristofersdatter Flilfet, og dei hadde i sitt ekteskap 3 born, nemleg: a. Kristian f. 1850, b. Anna Elisa f. 1855, c. Agnete f. 1860.

I Andreas Boleng si brukartid var elles den omstridde fredinga av ein sameige-hamnegang i Vestfjellet. Fredlysingskontrakten skal vera tinglese 19. novbr. 1877.

Andreas brukte elles garden sjølv til i 1885, da han gav skjøte til sonen Kristian f. 1850 på "Boleng og hans halvdel af Knippen for kjøpesum kr. 12.000,- og et føderåd af 5 aarlig verdi kr 3.000,-" Med i handelen følgde elles lausøyre for kr 2.200,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. I denne vår nyaste matrikkel vart så gardnamnet atter skrive "Bulung", og den nye matrikkelskylda vart sett til 23,66 mark.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var da vidare skjedd dei skifte at gardsnr. 29 bruksnr. 1 Bulung av skyld 23,66 mark var overtatt av Jørgen Ouren, og det var enda berre eit bruksnr. under gardnr. 29 Bulung.

Som eit streif frå nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det etter dette 11 personar med røysterett på og/eller ved Bulung: Dei 11 personar var:

1. gardbr. Jørgen T. Ouren, 36 år
2. husmor Borghild T. Ouren f. Rindal, 29 år
3. føderådsmann Kristian A. Bolleng,
4. husmor Matia T. Bolleng, 49 år
5. stallkar Kristen Kristensen, 79 år
6. husmann Kristian Olsen, Gjeitsveen, 78 år
7. husmor Pernille Gjeitsveen, 75 år
8. tømmermann Even Larsen, 42 år
9. Pauline Kristiansdtr., kona hans, Gjeitsveen, 42 år
10. husmann Simen Samuelsen, Stykket, 41 år
11. inderst Kristen Mortensen, Bolongslie, 81

Av handlar i seinare tid med grn. 29 Bulung eller parsellar av garden tek vi her elles med at i 1909 var det så skylddeling, og bruket grn. 29 brn. 2 Gjeitsveen av skyld 0,47 mark vart

fråskilt garden og selt til Edvard Mathiasen. Thor Ouren tilhandla seg brn. 3 Skogstad av skyld 1,00 mark. og brn. 5 Aspeli vart selt til Anton H. Bretingen. Vidare selde så Jørgen Ouren i 1925 grn. 29 brn. 1 Bulung til Ole A. Rolstad, Fron, som var gift med Kristiane A. Ouren, ei brordotter av seljaren, husbonden Jørgen Ouren. Kjøparen Ole A. Rolstad, som er landbrukskandidat, vil elles vera godt kjent som disponent for Mjøsen Tømmersalgsforening. Ole Rolstad og fru Kristiane f. Ouren har 3 born, nemleg sønene: Arve f. 1925, Egil Andreas f. 1928, Tore f. 1940.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under grn. 29 Bulung fire bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 bruk var:

- a. Grn. 29 brn. 1 Boleng med eit jordbruksareal på ca. 245 dekar, som O. A. Rolstad var eigar og brukar av.
- b. Grn. 29 brn. 1 Bolengsødegården, jordbruksareal ca. 15 da, som O. A. Rolstad var eigar og Marcus Danielsen var brukar av.
- c. Grn. 29 brn. 2 Gjeitsveen, jordbruksareal ca. 15 da, som Herman Andersson var eigar og brukar av.
- d. Grn. 29 brn. 3 Skogstad meit eit jordbruksareal på ca. 40 dekar, som Mathias O. Holen var eigar og brukar av.